

Hordaland barne- og ungdomsråd  
P.B. 408 Sentrum  
5805 BERGEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201304661-1/640/MARASK

Dykkar ref.:

Bergen, 30. mai 2013

## Samarbeid om UKM og driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå

Hordaland fylkeskommune tok imot eit brev frå Hordaland Barne- og Ungdomsråd (Hbur) 24.mai 2013 der Hbur ønskjer ei avklaring frå fylkeskommunen om det er planlagt andre løysingar for arbeidet med Ungdommens Kulturmonstring (UKM) og tilskotsordninga Driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå.

### Ungdommens Kulturmonstring (UKM) i Hordaland

Hordaland Barne- og Ungdomsråd (Hbur) har sidan 1992 stått som ansvarleg arrangør på vegne av Hordaland Fylkeskommune når det gjeld arrangementet med Fylkesmonstringa i Hordaland.

Gjennom 25 år har UKM utvikla seg til å bli det som i dag ses som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. Hordaland fylkeskommune er nøgd med Hbur sitt arbeid og har ikkje planer om å endre opplegget rundt Hbur som ansvarleg arrangør for Fylkesmonstringa i Hordaland i 2014.

Det er ein del av strategien til Hordaland fylkeskommune å styrke satsinga på ungdomsarbeid. I tråd med dette har avdelinga styrka kompetansen på dette feltet. Rådgjevar Marianne Ose Askvik ved seksjon for kunst- og kulturformidling vil såleis vere ansvarleg kontaktperson for Hbur i dette arbeid.

### Driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå

Det vert nemnt i brevet at både styret i Hbur og deira medlemsorganisasjonar meiner det er naturleg at arbeidet med innstillinga er lagt til Hbur, då dette er ein paraplyorganisasjon som har særskild god kjennskap til organisasjonane som søker driftsstønad.

Hbur har tidlegare- med delegert mynde - stått for sakshandsaming, utbetaling og kontroll av driftstilskot til dei regionale barne- og ungdomsorganisasjonane i fylket. I møte den 22.02.2011 (sak 12/11) vedtok Kultur- og ressursutvalet (KURE) å avvikle ordninga med delegasjon frå og med tildelinga for 2011, slik at KURE gjer endeleg vedtak etter innstilling frå fylkesrådmannen. Ansvar for saksførebuinga ligg til Kultur- og idrettsavdelinga. Hbur har lang erfaring og høge kompetans på feltet. Fylkeskommunen har difor funnet det tenleg at organisasjonane framleis bidrar til førebuinga av saka. I nemnte sak av 22.02.2011 vart Hbur si rolle framstilt som følgjer:

*1. Søknadar til ordninga vert sendt til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. mars 2011.*

*2. Kopi av søknadane vert oversendt til HBUR som - innan eigen organisasjon og egne vedtekter - utgreier og handsamar sakane i samsvar med retningslinjene frå fylkeskommunen. Etter at styre har ferdighandsama sakane vert ein skriftleg innstilling med grunngjeve forslag til fordeling oversendt fylkeskommunen ved Kultur- og idrettsavdelinga.*

*3. Fylkesrådmannen legg frem saka for Kultur- og ressursutvalet som fattar endeleg vedtak i saka.*

*4. Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører utbetaling av tilskotta.*

*5. Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører kontroll med ordninga i samarbeid med HBUR. For 2011 er administrasjonstilskotet på 10% av tildelinga overført som del av driftstilskotet til HBUR.*

Rådgevar Marianne Ose Askvik skreiv saka for 2013 og var tilstade under møtet i Kultur- og ressursutvalet 14.05.13. Hbur peiker i brevet på at det er naturleg at også nokon frå deira styre deltek i dette fora med grunngeving om at dei har lest alle søknadane og har hatt eit grundig samarbeid. Hbur har ikkje høve til å medverke under den politiske handsaminga i KURE. Det er lov for alle å vere publikum under politiske møter til kultur- og ressursutvalet. Hbur er sjølvstøtt velkomen til å delta som publikum om dei ønskjer det.

Hordaland fylkeskommune er nøgd med arbeidet som Hbur har gjort i denne samanheng og ønskjer at dei som paraplyorganisasjon framleis skal vere rådgjevande organ i saksførebuinga . Det er såleis ikkje planer om å endre Hbur si rolle i denne tilskotsordninga for 2014.

Ronny Skaar  
Utviklingsjef/seksjonsleiar

Marianne Ose Askvik  
Rådgevar